


# STUDIEPLAN



## Sirkulær økonomi og verdiskaping (SØV)

30 stp

### Kort om kurset

Kurset byggjer på den nyaste fagkunnskapen innan økonomi, berekraft og medverknad. Det vert lagt opp til at studentane både skal få teoretisk og praktisk opplæring i emnet.

Hovuddelen av kurset er bygt opp kring faglege førelesingar på samlingane (7 samlingar) over haust- og vårsemesteret. I tillegg vil det verte lagt opp til kontakt med sentrale aktørar som held til i regionen som vil bidra med gjesteførelesingar.

Kurset krev ingen spesielle forhåndskunnskapar utover generell studiekompetanse. Samlingane/førelesingane vert gjennomført i praktisk samarbeid med studiesenteret.no, slik at ein kan følge samlingane frå studiesenteret.no sine kursstadar kring i landet.

Det vert gjennomført ein studietur på ettervinteren. Dette er ein fagleg tur der studentane får sjå, møte og gå i dialog med aktørar innan sirkulærøkonomi i andre land/under andre rammevilkår enn her i landet. Målet er å vise korleis andre har valt å møte utfordringane.

Kurset knyter praktiske erfaringar til forståinga av dei tre berekraftdimensjonane: økonomi, økologi og samfunn, og viser korleis desse heng saman og kan forsterke kvarandre. Dette vil særleg vere aktuelt om ein arbeider på lokalsamfunnsnivå, og viser korleis det sirkulære elementet kan bidra til auka verdiskaping inn mot alle desse tre dimensjonane

### Sirkulær økonomi og verdiskaping

Tradisjonell økonomisk tenking er utfordra på å vere alt for lineær. Med dette vert meint at input og produksjonslogikk er tufta på 'bruk og kast' prinsippet, noko som medfører forbruk av ressursar og deponering av ulike restprodukt.

Dette medfører ineffektivitet i ressursbruken, då ein ikkje utnyttar den fulle verdien i innsatsvarene. Det er og ein logikk som ikkje tek omsyn til at våre ressursar er avgrensa og kan stå i fare for å verte oppbrukt.

I den sirkulære økonomien søker ein å verte meir effektive gjennom å redusere, bruke fleire gonger og resirkulere (*reduce, reuse and recycle*). Dette vil både auke det samla

ressurspotensialet monaleg, kunne bidra til meir miljøvenleg produksjon og opne nye mulegheiter for lokalisering av produksjons- og verdiskapingsaktivitetar.

Sirkulær økonomi har i stor grad vore kopla til det å handtere produksjonsavfall på betre sett. Det var særleg renovasjons og resirkuleringsaktivitetar som kom i gang i første tida. Etter kvart ser ein at potensialet er langt vidare, og går på alle sider ved produksjonsbeslutningar og produksjonslogikk

Kurset har som mål å lære studentane å forstå både korleis sirkulær økonomi gjennom betre avfallshandtering og resirkulering kan bidra til lågare og meir effektiv ressursbruk, men også til å sjå korleis nye mulegheiter kan opnast gjennom å tenke på sirkulære prosessar i lokal næringsutvikling og verdiskaping.

Difor vert det sentralt å forstå at der er ulike nivå – frå den store, globale sirkulasjonen (tenk Klimautfordringane) ned til dei lokale aktivitetar sett i gang i norske lokalsamfunn. Sirkulær økonomi innan små, lokale verdikjeder (tenk type regenerativt landbruk, lokale bedrifter) vil bidra positivt inn mot dei store, globale.

## **Arbeidskrav**

Kurset utgjer 30 studiepoeng, tilsvarande eit halvt års studium og vert gjennomført over to semester (August-April). Kurset er sett saman av fire modular/læringseiningar, estimert til 215 timar per modul. Kvar modul er sett saman av

- 30 timar førelesingar
- 80 timar til lesing/arbeid med pensum
- 70 timar til arbeid med innleveringsoppgåver
- 20 timar for studentane til diskusjonar i eigne forum
- 15 timar repetisjon og refleksjon

I tillegg vert det gjennomført ein studietur til område med lang erfaring med sirkulær økonomi i praksis

Dette gjev for studentane eit samla omfang på 860 timar for heile kurset

## **Studieplan (mindre justeringar kan kome)**

Læringseiningar

1. Introduksjon til sirkulær økonomi.  
Bakgrunn for og utvikling av sirkulær økonomi som fag.  
Berekraft, samvirket mellom lokalt og globalt nivå  
Klimautfordringane  
Modellar for betaling for økosystemtenester
2. Bygde- og landbruksperspektivet i produksjon og verdiskaping

Kritisk gjennomgang av ulike produksjonsformer med fokus på i kva grad dei kan bidra til å nå FN sine berekraftsmål

3. Resirkulerings- og gjenbruksøkonomien  
Praktisk retta modul for å vise korleis ein arbeider med sirkulær økonomi i bedrifter, i offentlig forvaltning og korleis dette påverkar/kan påverke oss som konsumentar/innbyggjarar.
4. Nye former for økonomisk praksis og samhandling  
Delingsøkonomi – leige eller eige  
Lokal valuta for lokal verdiskaping  
Livssyklusanalyser som verktøy  
Crowdfunding
5. Sirkulær økonomi i praksis – studietur i Europa
6. Nye tilnærmingar til lokal verdiskaping – artikkelprosjekt. Inngår som del i munnleg eksamen
7. Munnleg eksamen

## **Læringsmål og læringsutbytte**

### Kunnskapsmål

LU1: Studentane skal etter fullført kurs ha god forståing av sentrale omgrep, teoriar og prosessar i sirkulær økonomi, og kunne bruke dette til å argumentere, drøfte og i praksis forholde seg til eksisterande og nye former for økonomiske modellar.

LU2: Studentane skal etter fullført kurs ha vist at dei er kjende med den nyaste forskinga og utviklingstrekk innan berekraftig økonomisk verksemd og vere i stand til sjølv å søkje opp ny kunnskap på området

LU3: Studentane skal etter fullført kurs ha møtt sentrale aktørar lokalt og på europeisk nivå, kunne ha etablert kontakter med desse for å gje mulegheit til vidare samarbeid og læring

LU4 Studentane skal etter fullført kurs vere i stand til å møte eksisterande og nye utfordringar med kritisk og fagleg tilnærming, særleg kva gjeld sirkulær økonomi og korleis dette kan ha/få betydning på lokalsamfunnsnivå

### Dugleiksmål

LU5: Studentane skal etter fullført kurs forstå korleis sirkulær økonomi er bygt opp og fungerer, både i dei store og i dei små, lokale samanhengane, og kunne bruke kunnskapen til å vurdere ulike typer av løysingsforslag

LU6: Studentane skal etter fullført kurs kunne reflektere kritisk over eigne val kva gjeld praktiske tilnærmingar til nye, innovative økonomiske løysingar

LU7: Studentane skal etter fullført kurs tilgang til og mulegheit til å gjere seg nytte av fagleg spisskompetanse dei er blitt introdusert for i kurset for slik å kunne nå mål/løyse utfordringar.

### Generelle kompetansemål

LU9: Studentane skal etter fullført kurs ha møtt og erfart korleis profesjonelle aktørar arbeider med berekraft, sirkulær økonomi i verdiskapingsprosessar

LU 10: Studentane skal etter fullført kurs ha gjennomført praktiske oppgåver, på eiga hand og i grupper, som skal bidra til å auke deira evne til samarbeid med andre

LU11: Studentane skal etter fullført kurs ha fått erfaring med å leggje fram og presentere fagleg stoff i ulike samanhengar og overfor ulike publikum

LU 12: Studentane skal etter fullført kurs ha fått øving i å utvikle og operasjonalisere problemstillingar, og bruke vitenskapleg metodikk i design og implementering.

### **Relevans for framtidig kompetanse og arbeidssituasjonar**

Kurset har som mål å introdusere studentane for dei mange og ulike aspekt ved sirkulær økonomi, og setje dei i stand til å sjå korleis dette kan bidra til verdiskaping i ulike samanhengar. Dette vil vere kompetanse som er svært nyttig i arbeid med utvikling av eiga næringsverksemd, til å arbeide med rådgjeving i lokal nyskaping og verdiskaping og i utviklingsposisjonar i tradisjonelle verksemdar som set berekraft på agendaen

Vi vil særleg peike på den verdi kurset vil ha for å kunne arbeide med lokal næringsutvikling. Eit fokusert blick på korleis ein kan etablere ny forståing for økonomisk effektivitet og lønsemd samstundes med sterkare involvering av lokale aktørar for å etablere lokal berekraft.

Kurset vil høve for dei som tek vår bachelor i bygdeutvikling, vil kunne stå støtt som supplement til kurset i regenerativt landbruk, og vil vere relevant som enkeltfag for dei som ønskjer å starte eller som allereie driv eiga næringsverksemd og ønskjer sjå meir på nye mulegheiter.